



# Årsmøte for 2020

ØYSTESE JEGER- OG FISKARLAG KALLAR MED DETTE INN TIL ÅRSMØTE ONSDAG 24. MARS 2021 KL 19:00\*

\*Følg med på ØJFL sin heimeside og Facebook, eventuelle endringar/kommentarar vert varsla der.

Saksliste: .....	1
Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste .....	1
Sak 2: Årsmelding frå Øystese jeger- og fiskarlag 2020 .....	11
Oppsummering og ord frå leiar:.....	11
Rapportar frå utvala: .....	12
Jakt- og viltstellsutvalet .....	12
Elvautvalet .....	13
Kvinneutvalet.....	14
Fiskestellsutvalet.....	15
Måla for 2021:.....	15
Jaktskyttarutvalet .....	16
Sak 3 Rekneskap.....	18
Sak 4 Innkomne saker .....	21
Sak 5 Arbeidsprogram 2021 .....	21
Sak 6 Kontingent .....	25
Sak 7 Vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen. ....	25
Sak 8 Utbygging på Blekeld .....	25
Sak 9 Budsjett .....	26
Sak 9 Val.....	28

## Sakliste:

### Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste



## Sak 2: Årsmelding frå Øystese jeger- og fiskarlag 2020

Årsmøtet for 2019 vart halde i sekretariatsbygget i Vangdalsåsen onsdag 20.02.2020.

Styret har vore samansett slik:

Styreleiar: Cato Landsvik

Nestleiar: Tone Mo

Kasserar: Tormod Lunestad

Skrivar: Knut Njaa

Varamedlem: Håvard Fiksen

Leiar fiskestellsutvalet: Bjørn Mo

Leiar jakt og viltstellsutvalet: Håkon Arne Laupsa

Leiar elveutvalet: Leiv Sandven

Leiar jaktskyttarutvalet: Terje Langeland

Leiar kvinneutvalet: Tone Mo

Styret har sidan sist årsmøte hatt 8 styremøte og handsama totalt 29 saker. Som tidlegare år har mange av sakene vore delegert til utvala. Styret viser elles til årsmeldinga frå kvart enkelt utval og evaluering av arbeidsplanen for 2020.

### Oppsummering og ord frå leiar:

2020 har vore eit uvanleg år for ØJFL. Før året og aktivitetane var komme skikkeleg i gong, kom Covid-19 med sine restriksjonar og utfordra alle dei praktiske og økonomiske planane våre.

På tross av dette har laget vore aktivt delaktig i nærmiljøet med kultivering av fiskevatn, fiske- og jegerarrangement for unge og familiær, og ulike engasjement på viktige saker i heradet. Som leiar er ein framleis stum av beundring over alle dei dugnadstimane som vert utført, og det profesjonelle arbeidet som vert utført i alt ifrå bygging, jakt- og fiske til oppfølging av rekneskap.

### Medlemstal:

Ved årsskiftet 2020-2021 var det 268 medlemer i laget, og dette er ein nedgang på 1 frå sist år. Dette må ein sei seg nøgd med då året har vore prega av Covid-19 situasjonen. Med tru på at me klarer få opp aktiviteten på fleire av felta me tradisjonelt har hatt aktivitetar på, bør eit mål på 300 medlemer ved neste årsskifte vera innan rekkjevidde.

### Ny skeetbane

I godt samarbeid med Hardanger Sportskyttarklubb er det også i 2020 utført eit betydeleg dugnadsarbeid med oppføringa av ein ny skeetbane. Mykje av arbeidet som er utført er slikt ein ofte ikkje legg merke til, men som er naudsynt for å få til teknisk gode og sikre banar. Skeetbanen er snart klar for opning, og vil gje begge klubbane eit viktig tilskot for økt bruk og medlemsauke.

Leiar utfordrar i 2021 alle lagsleiarar og medlemmar til å søkje alternative sikre løysingar for å kunne driva sikkert på tross av Covid-19 situasjonen.

Risikovurderingar er utførde for både hagle- og riflebanen og kan nyttast som gode reiskap for å halde oppe aktiviteten. Gode etablerte tiltak bør gjere det mogleg å gjennomføre ein stor del av dei planlagde aktivitetane, men det krev nok at ein òg må gå den ekstra mila for å komme i mål. Kjenner eg laget rett er ikkje det noko problem. Det klarar me!

Me byggjer og driv også for framtidige generasjonar, og då skal vi også halde fram med miljøaspektet i det vi driv på med.



Vi må spesielt følgje godt med på tilgjengelelighet på miljøvennleg ammunisjon, og etterleve ryddigheit før og etter arrangement. Me skal i løpet av 2021 søkje å få på plass ei lettare handtering av avfall i Vangdalsåsen.

Rapportar frå utvala:

## Jakt- og viltstellsutvalet

Leiar: Håkon Arne Laupsa

Medlem: Alf Ekaas Sandven og David Neteland

Varamedlem: Terje Ljones

### Hjortejakt

2020 er det sjuande året me i Øystese jeger- og fiskarlag har tilbydd opplæringsjakt på hjort for medlemmer under 25 år. Etter å ha søkt Øystese aust grunneigarlag om forlenging av ordninga, fekk me dette. Kvinner over 25 år kunne også delta i denne jakta.

Me fekk i år eit fritt dyr under 80 kg. Det er ein fryd å arranger jakt for nybegynnara når ein er litt friare med tanke på kva dyr ein kan fella. Så det håpar me fortset til neste år. Løyvet var heller ikkje i år knytt opp mot nokon grunneigar, men eit løyve me kjøpte av grunneigarlaget.

Me har i år gjennomført 2 drivjakter og 2 økter med bøjakt. Drivjakt vart i år gjennomført som introjakt, d.v.s at arrangementet ligg på nettsida til NJFF og er ope for alle som er medlem.

Det var god deltaking på drivjaktene, med 8 og 13 deltakarar. Alder på deltakarane var frå 11 til 79 år. Me hadde dyr for oss, men det vart ikkje løyst skot. Det vart felt ein bukk på 58 kg under bøjakt på Melstveit. Skyttar var ein ungdom under opplæring.

Det vart òg gjennomført opplæring i slakting og partering. Kjøtet vert lagra til eit godt formål, og dei som var med på drivjakt i haust fekk ein smak.

Ein får òg støtte frå NJFF, og støtta vart bruk til å kjøpa 2 jaktstigar, der den eine er plassert ut i skogen. Den andre vert plassert ut til neste år.

Det er tydelegvis ein terskel å ta skyteprøven for ungdomen, men er nok òg eit økonomisk spørsmål. Me har no gått til innkjøp av to storviltrifler til ØJFL (ei 30-06 og ei 308) til dette formålet, samt til rifleskytinga på jegerprøven. Det er i tillegg kjøpt 2stk salongrifler som vil verta nytta i samband med jegerprøven. Det var ein ungdom som nytta seg av tilbodet og tok skyteprøve med ØJFL-våpen. Han var òg med på jakt med dette våpenet.

Me vil òg søkja grunneigarlaget om at fyrstegongs jegerar på hjort som er over 25år kan vera med på denne jakta. Bør kanskje og vurdera om ein skal ha eigne kveldar med rifleskyting for ungdom i 2021.

### Jegerprøven

Jegerprøvekurset 2020 vart avvikla med god deltaking. Det var 12 stk. deltakarar som alle bestod eksamen. Kurset vart gjennomført på 2 langhelgar, men den siste vart sjølvstudium med innlevering p.g.a Covid-19. Dei praktiske gjennomføringane måtte gjennomførast i mindre puljar.

Kurset vårt vart halde av Svanhild Aksnes Botnen og Ove Sandven, med assistanse frå Andor Helgheim. Han hjelpte til på den praktiske delen med hagleskytinga. Me gratulerer, ynskjer lukke til og skitt jakt!

Laget har pr i dag 3 jegerprøveinstruktørar, Svanhild Aksnes Botnen, Ove Sandven og Andor Helgheim. Det er rom for fleire. Jegerprøven er ei av dei viktigaste rekrutteringskjeldene til laget.

Dersom det er fleire som har lyst til å verta jegerprøveinstruktør, eller veit om nokon som kunne tenkja seg dette, ver venleg ta kontakt med ein i styret eller utvalet.



Rifleskyting i Vangdalsåsen



Jegerprøveteori på Kvam ungdomsskule

for Jakt- og viltstellutvalet

Håkon Arne Laupsa

### Elvautvalet

Leiar: Leiv Sandven

Medlem: Jan Ove Laksemo og Harald M. Madsen

Vara: Gaute Ø. Melstveit

I fiskeesesongen 01.07 – 31.08, 2020 er det seld 50 fiskekort. Øystese Jeger og Fiskarlag har sett maks. fem-5- per døgn. Dette døgntalet er sett på bakgrunn av kort fiskestrekning i elva.

Det er teke 6 laksar og ein aure. Auren vart skada, men elles er all sjøaure sett ut att i elva. Det er sendt inn skjelprøvar til Rådgivene Biologer i Bergen og sendt rapport om resultatet til Fylkesmannen.

Stamfisket etter aure gav ein han- og ein ho-fisk. Gjennom samarbeid med Hardangerfjord Villfiskelag skulle desse brukast til genbankinnlegging.

Til all ulukke kom hofisen seg ut av karet og låg død på golvet.

Det har vore synfaring i Laupsaelva og Øyrabekken (Skårdalsbekken) med omsyn på betring av gyteplassar for sjøauren. Dette er eit samarbeid med Hardangerfjord Villfiskelag og Rådgivende Biologer.

Det er gjeve kommentar frå elvautvalet til reguleringa på Laupsa, der ein særleg kommenterer plasseringa av båthavn i høve til utløpet av Laupsaelva.

I 2020 har det vore 2 dugnadar knytt til rydding langs elva. Ein har prøvd ulike måtar og få bort parkslirekneplanta. Resultatet ser ein til våren. Det er i samband med dugnad og telefon at utvalet har kommunisert i 2020.

I Kjerhølen har ein elles sett at ein av dei store steinane som skapar hølen er flytt nedover. Etter å ha innhenta fagleg råd om evt. flytting av steinen opp att, vart det synt til kontakt med kommunen for å få det godkjent/gjort.

Det vert i 2021 arbeidd vidare med elvekantrydding både på aust- og vestsida av elva. Elvekantrydding er eit stort ynskje frå Næringslaget for å synleggjere elva.

for Elvautvalet

Leiv Sandven



## Kvinneutvalet

Leiar: Tone Mo

Medlem: Kari Weltzien Vik og Margunn Torpe

Vara: Ingunn Kråkevik

Me har arrangert faste treiningar med hagleskyting kvar måndag frå 18.mai til 29. juni og frå 17.august til 21.september.

I vårhalvåret var det bra oppmøte på treningane med 5-6 stk på kvar trening. På hausten var me 2-3 stk på kvar trening.

Me avslutta treninga for vårhalvåret med kaffi og kake i Vangdalsåsen.



### *Kakletreffen:*

Det blei arrangert 3. stevne i Kakletreffen i Vangdalsåsen 14.juni. Det er ein uhøgtidleg cup for damer i Hordaland. Me var 5 damer totalt. 2 lokale og 3 frå andre lag.



For kvinneutvalet

Tone Mo



## Fiskestellsutvalet

Leiar: Bjørn Mo

Medlem: Torbjørn Toft, Frode Melstveit og Halvor Torpe

Vara: Arvid Huun

### Oppsummering av fangst, 2020:

Stad:	Oppstartdato:	Mål 2020:	Resultat/Snittvekt
Fitjadalen:	6. mai 2020	8000 stk	6839 stk / 64,8 gram
Fugladalen:	25. juni 2020	-----	188 stk / 172 gram*
Løkjesdalen	6. august 2020		541 stk / 89,8 gram

#### Fitjadalen:


Det blei starta fiske med garn straks etter at isen gjekk. Vårfisket gav gode resultat.

Det blei i 2020 brukt motor under fisket for å gjera det enklare å flytta seg rundt på vatnet.

Me trappa fisket opp etter sommaren med garn både langs land og ved bekkeutløp samt garn på tvers over vatnet, men kom ikkje i mål med 8000 fisk i Fitjadalen. Satsar på å klare dette i 2021.

Det vil bli hengt opp eit skriv i Fitjadalen med anbefalingar om kva garnstørrelsar me i ØJFL vil anbefale (ikkje eit krav). Dette vert hengt opp med løyve frå grunneigarar.

Fitjadalen:



Det vart skipa eit arrangement i samarbeid med Landsforeningen for Ryggmargsskadde (LARS) i Fitjadalen. Det har ikkje blitt arrangert andre aktivitetar pga Covid-19-situasjonen. Utvalet planlegg fleire arrangement i 2021.

Fisket i fjellet har gått greitt. Grunna mykje snø blei dette forsinka.

#### Måla for 2021:

Fitjadalen: 8000 fisk og fleire frivillige.

Fleire fiskedøgn i fjellet.

for Fiskeutvalet



Bjørn Mo

### **Jaktskyttarutvalet**

Leiar: Terje Langeland

Medlem, leiar rifle: Harald Fykse

Medlem, rifle: Morten L. Borge

Medlem, leiar hagle: Christoffer N. Sørheim

Medlem: Mikkel Helgesen


Vara: Alf O. Melstveit

Årsmelding for rifle, 2020:

På riflebanen var det lagt opp til ordinær drift som tidlegare år, men der 4 treningskveldar skulle kombinerast med introduksjon til rifleskyting for ungdom. I tillegg var det sett opp eigne terminfesta treningskveldar for jaktfeltskyting og to treningskveldar for medlemer i Kvam Vilttelefon. Det var også tenkt å få gjennomført nyt standplassleirkurs med hjelp av eksterne krefter. Av stemne var det planlagt eitt jaktfeltstemne (FM), eitt elgbanestemne og eitt nordisk jaktskytingsstemne (FM og LM). Grunna koronarestriksjonar vart dessverre alle stevner avlyst, men me fekk arrangert ein treningskveld med jaktfeltskyting og stort sett alle terminfesta ordinære treningskveldar. På grunn av smittevernstiltak og forlenginga av fjorårets skyteprøve var oppmøtet noko mindre enn i eit normalår, men trass alt var det god aktivitet på banen. Når det gjaldt introduksjon til rifleskyting for ungdom fekk ein fin gjeng på 5 ungdomar introduksjon og prøveskyting med ulike kaliber, nokre av dei over fleire kveldar med oppskyting til storviltprøven som avslutning.

Massar som raste ned i bakkant av container på elgbanen vart utbetra og skivene fekk tiltrengt vedlikehald. Det er kjøpt inn ein god del reservemateriell/forbruksmateriell til dei elektroniske skivene. Det er også kjøpt inn og installert bjørnefigur med tanke på å tilby skyteprøve for storviltjakt i form av bjørneprøven.

Tippemiddelsøknad er utarbeidd og innsendt for å finansiere utviding av standplassbygget og etablering av faste jaktfelthold. Tilbygget skal innehalda sekretariat og lager. Det har vist seg at kombinasjonen av sekretariat og tekjøken som me har i dag ikkje er godt fungerande. Difor vil me flytta sekretariatet og kombinera det med eit lager for skiver og anna materiell. Kvart av jaktfelthaldar vil ha plass til 6 skiver og kvart hald vil ha godkjent kulefang. Det vil verta montert lys på halda slik at banen kan brukast i større delar av året enn i dag. Dette kan anten vera lys montert ute ved kvart hald, eller som ei samling av led-lyskastarar plassert på standplassbygget.



Figur 1 Frå tippmiddelsøknaden: Plassering av faste jaktfelthold og utviding av standplassbygget

### Årsmelding for haglebane 2020

Aktiviteten på haglebanen har vore sterkt redusert store delar av 2020. Det vart planlagt å avhalde treningar som normalt i løpet av februar, men alt dette vart stansa på grunn av Covid-19.

Det var planlagt å avhalde to jegertrap-konkurransar og ein kompakt leirduesti. Dette var ikkje mogleg å gjennomføre. Då det kom lettelsar for å arrangere idrett på sommaren klarte me å avhalde ein jegertrap-konkurranse 09.08.2020.

Med utgangspunkt i at samfunnet letta litt på tiltaka sommaren/hausten 2020 klarte me å avhalde treningskveldar for hagleskyttarar frå og med august og ut oktober. Med tanke på dei tiltaka som måtte setjast i verk for å halde godt smittevern, bør me seie oss nøgde med oppmøtet.

I november vart det kjøpt inn 25000 skudd og 86000 leirduer.

Alt av organisert dugnad som var planlagt vart stoppa. Men av ting som har vorte gjort på banen i 2020 er ny maling/oppmåling av standplassar. Det vart montert luke på konteiner (beskyttelse for kastemaskin).



## Sak 3 Rekneskap

Note om varelageret på banane:

	Trapbanen	Viltmålbanen	Samla
Lagerstatus 31.12.20	kr 45 872,00	kr 28 257,20	kr 74 129,20
Lagerstatus 31.12.19	kr 53 273,00	kr 35 145,30	kr 88 418,30
Endring	-kr 7 401,00	-kr 6 888,10	-kr 14 289,10

Leirduer som vart kjøpt inn i slutten av 2020 er ikkje talt med i varelageret, dei vert tekne inn i rekneskapen i 2021.



Saldobalanse 02.02.2021

	<b>Saldo periodestart</b>	<b>Debet</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endringer i perioden</b>	<b>Kredit</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Saldo periodedslutt</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
<b>Kapital</b>									
1031 DNB, 7877 08 36726	193 930,31	211 319,70			313 937,29		91 312,72		
1035 SPV 3450,37,57623	57 933,70	1 474 067,36			1 056 179,50		475 821,56		
1100 Til gode	0,00	5 000,00			0,00		5 000,00		
1120 Forskottiert utgifter banar	0,00	71 400,00			0,00		71 400,00		
1200 Til gode spesmidar	1 333 338,28	14 021,75			1 347 350,03		0,00		
1210 Forskottert for Hard spsk	0,00	0,00			0,00		0,00		
<b>Sum Kapital</b>	<b>1 585 192,29</b>	<b>1 775 808,81</b>			<b>2 717 466,82</b>		<b>643 534,28</b>		
<b>Gjeld/Eigenkapital</b>									
2010 Skuld/gjebetalte rekingar	0,00	0,00			0,00		0,00		
2012 Forskot	-16 290,00	22 977,00			41 986,00		-35 299,00		
2100 Lån SPV 3622,36,63685	-650 000,00	650 000,00			0,00		0,00		
2110 Lån Frå Kyam Herad	-183 285,00	183 285,00			0,00		0,00		
2910 Eigenkapital	-735 617,29	127 382,01			0,00		-608 235,28		
<b>Sum Gjeld/Eigenkapital</b>	<b>-1 585 192,29</b>	<b>983 644,01</b>			<b>41 986,00</b>		<b>-643 534,28</b>		
<b>Jakt og Viltstellutvalet</b>									
3100 Drift JU	0,00	0,00	<i>kr 2 000,00</i>		940,00	<i>kr 0,00</i>	-940,00	<i>kr 2 000,00</i>	<i>kr-2 940,00</i>
3150 Jegerpreven	0,00	15 920,15	<i>kr 15 000,00</i>		21 456,50	<i>kr 30 000,00</i>	-5 536,35	<i>kr-15 000,00</i>	<i>kr 9 463,65</i>
<b>Sum Jakt og Viltstellutvalet</b>	<b>0,00</b>	<b>15 920,15</b>	<b><i>kr 17 000,00</i></b>		<b>22 396,50</b>	<b><i>kr 30 000,00</i></b>	<b>-6 476,35</b>	<b><i>kr-13 000,00</i></b>	<b><i>kr 6 523,65</i></b>
<b>Jaktskytarutvalet</b>									
3600 Drift JSU	0,00	84 166,83	<i>kr 70 000,00</i>		33 800,00	<i>kr 25 000,00</i>	50 366,83	<i>kr 45 000,00</i>	<i>kr 5 366,83</i>
3700 Stemme/Trening Hagle	0,00	85 449,75	<i>kr 80 000,00</i>		82 401,81	<i>kr 110 000,00</i>	3 047,94	<i>kr-30 000,00</i>	<i>kr 33 047,94</i>
3800 Stemme/Trening Rfle	0,00	15 886,35	<i>kr 70 000,00</i>		33 897,81	<i>kr 100 000,00</i>	-17 921,46	<i>kr-30 000,00</i>	<i>kr 12 078,54</i>
3900 Oppgradering banar	0,00	145 102,78	<i>kr 100 000,00</i>		6 980,00	<i>kr 0,00</i>	138 122,78	<i>kr 100 000,00</i>	<i>kr 38 122,78</i>
<b>Sum Jaktskyttarutvalet</b>	<b>0,00</b>	<b>330 605,71</b>	<b><i>kr 320 000,00</i></b>		<b>156 989,62</b>	<b><i>kr 235 000,00</i></b>	<b>173 616,09</b>	<b><i>kr 85 000,00</i></b>	<b><i>kr 88 616,09</i></b>
<b>Elvutvalet</b>									
4100 Drift EU	0,00	1 874,00	<i>kr 2 000,00</i>		0,00	<i>kr 0,00</i>	1 874,00	<i>kr 2 000,00</i>	<i>kr-126,00</i>
4200 Fiskekort elva	0,00	1 222,00	<i>kr 900,00</i>		4 071,87	<i>kr 3 000,00</i>	-2 849,87	<i>kr-2 100,00</i>	<i>kr-749,87</i>
<b>Sum Elvutvalet</b>	<b>0,00</b>	<b>3 096,00</b>	<b><i>kr 2 900,00</i></b>		<b>4 071,87</b>	<b><i>kr 3 000,00</i></b>	<b>-975,87</b>	<b><i>kr-100,00</i></b>	<b><i>kr-875,87</i></b>
<b>Fiskestellutvalet</b>									
4600 Drift FU	0,00	0,00	<i>kr 2 000,00</i>		0,00	<i>kr 0,00</i>	0,00	<i>kr 2 000,00</i>	<i>kr-2 000,00</i>
4700 Fiskekort fjellet	0,00	5 603,00	<i>kr 4 800,00</i>		18 676,81	<i>kr 16 000,00</i>	-13 073,81	<i>kr-11 200,00</i>	<i>kr-1 873,81</i>
4800 Kultivering Fitjadalen/fjellet	0,00	7 438,00	<i>kr 5 000,00</i>		2 550,00	<i>kr 0,00</i>	4 888,00	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr-1 121,00</i>
<b>Sum Fiskestellutvalet</b>	<b>0,00</b>	<b>13 041,00</b>	<b><i>kr 11 800,00</i></b>		<b>21 226,81</b>	<b><i>kr 16 000,00</i></b>	<b>-8 185,81</b>	<b><i>kr 4 200,00</i></b>	<b><i>kr-3 985,81</i></b>
<b>Kvinneutvalet</b>									
5100 Drift KVU	0,00	0,00	<i>kr 8 000,00</i>		7 194,00	<i>kr 8 000,00</i>	-7 194,00	<i>kr 0,00</i>	<i>kr-7 194,00</i>
<b>Sum Kvinneutvalet</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b><i>kr 8 000,00</i></b>		<b>7 194,00</b>	<b><i>kr 8 000,00</i></b>	<b>-7 194,00</b>	<b><i>kr 0,00</i></b>	<b><i>kr-7 194,00</i></b>



Saldobalanse 02.02.2021

	Saldo periodestart	Debet	Budsjett	Endringar i perioden	Kredit	Budsjett	Saldo periodeslutt	Budsjett	Avvik
<b>Styret</b>									
6100 Kontorhald/Kontingent	0,00	3 647,50	kr 1 000,00	25 555,00	kr 25 000,00		-21 907,50	kr-15 000,00	kr-6 907,50
6200 Sonader	0,00	0,00	kr 0,00	35 980,34	kr 30 000,00		-35 980,34	kr-30 000,00	kr-5 980,34
6300 Reiser/kurs	0,00	0,00	kr 6 000,00	0,00	kr 0,00		0,00	kr 6 000,00	kr-6 000,00
6400 Styret/Lagskveldar/årsmøte	0,00	4 387,75	kr 7 000,00	0,00	kr 0,00		4 387,75	kr 7 000,00	kr-2 612,25
6500 Drift Vetteheim	0,00	38 586,68	kr 30 000,00	15 000,00	kr 10 000,00		23 586,68	kr 20 000,00	kr 3 586,68
6700 Frifond/Ungdomsarbeid	0,00	18 409,00	kr 25 000,00	22 290,00	kr 25 000,00		-3 881,00	kr 0,00	kr-3 881,00
6800 Disponibelt for styret	0,00	0,00	kr 5 000,00	0,00	kr 0,00		0,00	kr 5 000,00	kr-5 000,00
6900 Drift Blekeld	0,00	16 991,25	kr 15 000,00	4 267,53	kr 2 000,00		12 723,72	kr 13 000,00	kr-276,28
<b>Sum Styret</b>	0,00	82 022,18	kr 98 000,00	103 092,87	kr 92 000,00		-21 070,69	kr 6 000,00	kr-27 070,69
<b>Andre</b>									
8100 Renter/Gebyr	0,00	38,00	kr 500,00	2 369,36	kr 500,00		-2 331,36	kr 0,00	kr-2 331,36
8200 Årsavslutning	0,00	0,00	kr 0,00	127 382,01	kr 73 700,00		-127 382,01	kr-73 700,00	kr-53 682,01
<b>Sum Andre</b>	0,00	38,00	kr 500,00	129 751,37	kr 74 200,00		-129 713,37	kr-73 700,00	kr-56 013,37
<b>Totalsummar</b>	0,00	3 204 175,86		3 204 175,86		0,00			

2.2.21

Torvald denant

Vi har kontrollert alle belag og  
dinne rebuskaper i orden.

Vetleheim, 02. 02. 2021.

Ørild Sanden

Sigurd Langstrand



## Sak 4 Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

## Sak 5 Arbeidsprogram 2021

Planen styret har for dei neste åra skal

- Danna grunnlag for ein diskusjon om kva oppgåver laget skal satsa på framover
- Vera grunnlag for utarbeiding av arbeidsplanar for utvala for kvart år i perioden
- Vera eit middel for å sjå om arbeidet i det føregåande året er i samsvar med målet vårt

### Framlegg til vedtak:

Styret bed om at planen vert vedteken med dei endringane som vert gjorde på årsmøtet.

Avisnitt A: Organisasjon	Sist revidert: 24.02.2021	
<b>Mål:</b> Å knyta jegerar og fiskarar og andre interesserte saman til felles arbeid for å auke vilt- og fiskebestanden ved positive tiltak i arbeidsområdet til laget, å arbeida for human jakt og ferdslle i skog og fjell, å arbeida for betre dugleik i bruken av våpen og fiskereiskap.		
Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
1. Arbeida i høve til fylkeslag og forbund. Delta på samlingar skipa til av dei same.	Ein har jobba og fått hjelp frå fylkeslaget når ein har hatt behov for dette.	ja
2. Arbeida i høve til herad og fylkesmann		Viktig at ØJFL følger med og deltar
3. Skulera tillitsvalde	Ingen aktivitet i 2020	ja
4. Satsa på ungdomsarbeid gjennom eigne aktivitetar/kveldar	Ungdomsskyting Opplæringsjakt Fiskesommar blei ikkje gjennomført pga. Covid-19	ja
5. Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar tilrettelagt for damer	Skytekveldar for kvinner, både rifle og hagle	ja



<i>Avisnitt B: Jakt og viltstell</i>	Sist revidert: 24.02.2021	
Mål: Arbeida for å skaffa jaktrettar for medlemene, planleggja og gjennomføra viltstelltiltak. Arbeida for bruk av jakthundar. Arrangera jegerprøven.		
Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
1. Tilby hjortejakt	Opplæringsjakt for ungdom Øystese aust grl.	Ja, årleg
2. Arrangera jegerprøven	Ja	Ja, årleg
3. Tilby rypejakt og skogsfugljakt spesielt til ungdomar	Nei	Ja, sjå etter nytt terregng. Prøve å få ungdom med på aktivitet i regi av NJFF.
4. Tilrettelegging av jaktområde	Nei	Ja, etter behov
<i>Avisnitt C: Fiske</i>	Sist revidert: 24.02.2021	
Mål: Gjenomføra ynskjelege tiltak vedkomande elve- og ferskvassfisket, arbeida for å skaffa fiskerettar for medlemene.		
Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
1. Føra vidare arbeidet på Blekeld i Fitjadalen	Ja, og har også utført kultivering i Fugladalsvatnet og i Løkjedalen.	Ja, årleg
2. Setja rogn ut i klekkekassar i elva.	Nei, problem med vasstilførsel.	Ja, årleg
3. Organisera og ha ansvaret for fiskekortordningane	Fjellet: Har avtalar med Kyrkjevikha hyttelag og Bergen og Hordaland turlag for gjester på Vending og Breidablikk turisthytter. Elles sal på MX-sport, Fitjadalen og Lie.  Selt fiskekort for laks i Øysteseelva Organisert via Vipps.	ja
4. Rydda langs elva og leggja til rette nye fiskeplassar	Har rydda og fjerna farleg avfall langs elva, har ikkje fått lagt til rette for nye fiskeplassar.	Ja.
5. Arrangera fisketurar for juniorar	Nei	Ja, elvefiske for ungdommar
6. Drive stamfiske og fiske etter oppdrettsfisk i Øysteseelva	Ja, det er utført ein omgang med stamfiske	Fortsetja å søkja om løyve frå Fylkesmannen og ungdomssatsing
7. Utbetring av området rundt parkeringsplass og grøft ved Blekeld.	Området er halde funksjonelt, ingen større arbeider utført.	Ja
8. Planlegging av utbygging på Blekeld.	Utført teikning, budsjettering, planlegging, og starta søkjeprosessar etter midlar	Ja



Avtale D: Jaktskyting	Sist revidert: 24.02.2021
-----------------------	---------------------------

Mål: Gje medlemene tilbod om instruksjon og opplæring i bruk av jaktvåpen, trening og konkurransar i jaktskyting.

Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
1. Driva treningskveldar	Ja	Ja
2. Arrangera storviltprøven	Ja	Ja, Mai til September
3. Skipa til konkurransar for medlemene	Ja	Ja, både internt og eksternt
4. Eigne kveldar for juniorar og kvinner	Ja	Ja, fokus på å få med instruktørar/kursing
5. Vidareutvikle anlegga	Bygd faste jaktfelthold, med tak over skiver.	Ja
6. Ny bane i Vangdalsåsen	Bygga trapbane/sporting tilnærma ferdig (Tilnærma dugnadsstans i 2020 pga Covid-19)	Ja, i tillegg kan hende starte på jaktfelbane for rifle
7. Halde hagleskytingskurs og eigne nybegynnarkveldar m/ instruktør	Kveldar for ungdom	Ja.
8. Halde standplassleiarkurs hagle og riflebane	Nei	Ja

Avtale E: Opplæring-Kurs	Sist revidert: 24.02.2021
--------------------------	---------------------------

Mål: Driva jakt- og fiskerelaterte kurs for å auka dugleiken til medlemene og å møta krav frå grunneigarar og styresmakter.

Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
Gjennomføra eller delta på kurs arrangert av laget eller av fylkeslaget		
Jegerprøven, praktisk/obligatorisk kurs	Jegerprøekurs halde, opplæring i skyting med haglgevær og rifle	Ja
Opplæring i skyting rifle/hagle og lading	Kveld for ungdom med instruktør i Vangdalsåsen	Ja
Fiskekurs	Fiskesommar gjekk ut pga Covid-19.	Ja
Vilt- og fiskestellkurs	Ikkje avhalde	Ja
Jegeropplæring etter jegerprøven. Fadderordning.	Tilrettelagt for 3 stk opplæringsjakt for ungdommar	Ja
II. Etter trong skipa til andre kurs	Opplæringsjakt på hjort for ungdommar	Ja etter behov



<i>Avsnitt F: Intern kontakt</i>	Sist revidert: 24.02.2021	
Mål: Syta for at medlemene vert dregne med i aktivitetar som går føre seg i laget.		
Tiltak:	Gjort 2020:	Førast vidare/tidsrom:
1. Presentera det som skjer i laget eigen nettside og facebookside	Nettsida er oppdatert og det har blitt lagt ut informasjon om allearrangement i laget. Facebook har også vore flittig brukt	Ja
2. Senda ut SMS i samband med aktivitetar og kurs	Ja, gått over til Telemeny for å forenkla utsending.	Ja
3. Alle kurs skal lysast ut i lokalavisa	Ja	Førast vidare, må vurdera kostnaden ved lysingane
4. Lagskveldar med eller utan program	Nei	Ja
5. Fleire helgearrangement	Nei, restriksjonar og usikkerheit rundt Covid-19 har skapt utfordringar med gjennomføring	Ja, 2-4 helgar
<i>Avsnitt G: Ekstern kontakt</i>	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Å skapa interesse og støtte for laget sitt føremål og arbeid.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Svara på dei høyringane som kjem til laget.	Ja	Ja
2. Senda resultatlister etc til lokalavis(ar)	Resultat frå rifleskyting kom i avis	Ja
3. Markera laget ved deltaking i andre arrangement.	Ja, deltatt på arrangement med Grannehjelpa	Ja, ved høve
<i>Avsnitt H: Vetleheim</i>	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Gjera Vetleheim til samlingspunkt for laget med faste aktivitetar. Halda huset ved like.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Lagskveldar med eller utan program	Nei	Ikkje konkrete planar
2. Ny dør	Ikkje bytta dør, har installert ny kodelås	Nei
Rydde hovud- og kjellaretasje		
<i>Avsnitt I: Kvinner</i>	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar, tilrettelagt for kvinner.		



Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Faste skytekeldar for damer	Ja	Ja
2. Opplæringsjakt for jenter – hjort	Tilbod frå Fylkeslaget	Ja
3. Utdanna lokale, kvinnelege hagleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
4. Utdanna lokale, kvinnelege rifleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
5. Informasjon om andre jenteaktivitetar i Hordaland	Kommunisert ut til medlemene via Facebook	Ja

## Sak 6 Kontingent

Styret er innstilt på å halde same kontingent som i 2020. Framlegg til vedtak:  
Kontingentsatsane for 2021 vert som fylgjer:

Senior m/tids	Junior m/tids	Junior u/tids	Sidemedlem	Familiemedlem	Pensjonist m/tids
Kr 150	Kr 0	Kr 0	Kr 150	Kr 75	Kr 75

## Sak 7 Prioriterte tippemiddelsøknadar og behov.

### Sak 7a Vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen.

Som omtalt i årsmeldinga til Jaktskyttarvalet og vist i Figur 1, er det i 2020 søkt om tippemidlar til vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen.

Det er søkt om:

- påbygg med lager og sekretariat som møter krava om universell utforming
- sluse mellom standplass og oppholdsrom
- Permanente 25-120m jaktfelthald med kulefang, lys (og elektronikk om mogleg).

### Sak 7b Utbygging på Blekeld


Det er også sendt inn tippemiddelsøknad og søknad til andre om bygging av eit nytt grindbygg, eit lager og tillaging av ny tilkomstkai til sjø på nordsida av eksisterande brygge (figur 2). Hensikten er å auke kapasiteten for brukarar av Blekeld, og å lette arbeidet med laget sitt kultiveringsfiske. Det er spesielt vektlagt at løysinga har universell utforming, noko som vil gjere det mogleg at også personar med nedsett funksjonsevne kan komme seg ut på vatnet.

**Grindbygg** 6,0m x 4,5m, med betonggolv, torvtak, peis, 4 benker og 2 bord.

**Lager**, 4,22m x 3,04m grunnflate, bod på ca. 3m x 3,04, med betonggolv, torvtak og takhøgd for å kunne henge opp 2m høye garn, og hyller.

**Kairampe**, 6,0m x 7,0m, masser vert grave ut og det leggjast ned betongheller jamt med bakkenivå eit stykke ut i vatnet.

Til kairampen og for tilkomst til vatnet er det òg planlagt ein brukte Pioner Multi 3 båt.



Figur 2 Plassering av grindbygg, lager og landgangskai

Ved å få ein godkjend spelemiddelsøknad kan laget få dekka 1/3 av samla kostnad. Resten av kostnaden må dekkjast ved dugnadsinnsats, evt tilskot og eigenkapital.

Det vert også søkt hjå andre moglege sponsorar.

Samla netto utlegg vil vera om lag like stor som eigenkapitalen laget har. Det vert søkt om stønad frå ulike stiftingar som kan betra økonomien i prosjekta. Styret har gjort følgjande prioritering av anlegg/deler av anlegg. Samla utlegg vert 1 610 600, spelemidlar og mva-refusjon utgjer 995 000 og dermed vert bruk av eigenkapital kr 615 600

Pri	År	Aktivitet	Utlegg	Spelemidlar	mva.ref	Netto
1	2021	Blekeld - kai	169000	87000	33800	48200
2	2021	Viltmål - felthalda	120000	49000	24000	47000
3	2021	Blekeld - båt	141000	0	14100	126900
4	2022-2023	Viltmål - utviding av standplassbygg	465600	253000	93100	119500
5	2022	Blekeld - lager	98000	64000	19600	14400
6	2022	Blekeld - grindbygg	194000	88000	38800	67200
7	?	Viltmål - elektronikk langhald	113500	38000	22700	52800
8	?	Viltmål - vatn	309500	108000	61900	139600
			1610600	687000	308000	615600

Me ber årsmøtet gjera følgjande vedtak.

Årsmøtet støttar styret si prioritering av anlegg. Styret får for 2021 fullmakt til å bruka inntil kr 350 000 av eigenkapitalen til investeringar inkludert forskottering av spelemidlar. Skulle laget få tilskot til anlegg vil tilskotsummen koma i tillegg til eigenkapitalen styret disponerer



## Sak 8 Budsjett

	Utgifter	Inntekter
<b>Jakt og Viltstellutvalet</b>		
3100 Drift JVU	<i>kr 2 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
3150 Jegerprøven	<i>kr 15 000,00</i>	<i>kr 30 000,00</i>
<b>Jaktskyttarutvalet</b>		
3600 Drift JSU	<i>kr 70 000,00</i>	<i>kr 25 000,00</i>
3700 Stemne/Trening Hagle	<i>kr 120 000,00</i>	<i>kr 110 000,00</i>
3800 Stemne/Trening Rifle	<i>kr 70 000,00</i>	<i>kr 100 000,00</i>
<b>Elveutvalet</b>		
4100 Drift EU	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
4200 Fiskekort elva	<i>kr 900,00</i>	<i>kr 3 000,00</i>
<b>Fiskestellutvalet</b>		
4600 Drift FU	<i>kr 2 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
4700 Fiskekort fjellet	<i>kr 4 800,00</i>	<i>kr 16 000,00</i>
4800 Kultivering	<i>kr 20 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
<b>Kvinneutvalet</b>		
5100 Drift KVU	<i>kr 8 000,00</i>	<i>kr 8 000,00</i>
<b>Styret</b>		
6100 Kontorhald/Kontingent	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr 25 000,00</i>
6200 Stønader	<i>kr 0,00</i>	<i>kr 45 000,00</i>
6300 Reiser/kurs	<i>kr 6 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
6400 Styret/Lagskveldar/årsmøte	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
6500 Drift Vetleheim	<i>kr 30 000,00</i>	<i>kr 10 000,00</i>
6700 Frifond/Ungdomsarbeid	<i>kr 46 000,00</i>	<i>kr 46 000,00</i>
6800 Disponibelt for styret	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
6900 Drift Blekeld	<i>kr 8 000,00</i>	<i>kr 2 000,00</i>
6950 Lagsklede	<i>kr 23 000,00</i>	
<b>Prosjekt</b>		
7000 Blekeld	<i>kr 223 000,00</i>	<i>kr 80 000,00</i>
7100 Vangdalsåsen	<i>kr 71 000,00</i>	<i>kr 0,00</i>
<b>Andre</b>		
8100 Renter/Bankkostnader	<i>kr 500,00</i>	<i>kr 500,00</i>
8200 Årsavslutning/Underskot		<i>kr 239 700,00</i>
	<i>kr 740 200,00</i>	<i>kr 740 200,00</i>



## Sak 9 Val

Framlegg frå valnemnda til styre for arbeidsåret 2021/22			Valperiode
Cato Landsvik	Leiar	Attval	1 år
Tormod Lunestad	Kasserar	Ikkje på val	1 år att
Knut Njaa	Sekretær	Attval	2 år
Håvard Fiksen	Vara	Ikkje på val	1 år att
<b>Jaktskyttarutval 2021</b>			
Terje Langeland	Leiar	Attval	2 år
Terje Ljones	Leiar rifle(medlem)	Ny	1 år
Christoffer Nordås Sørheim	Leiar hagle(medlem)	Ikkje på val	1 år att
John Asle Enstad	Medlem rifle	Ny	2 år
Mikkel Helgesen	Medlem hagle	Ikkje på val	1 år att
Alf Olav Melstveit	Vara	Ikkje på val	1 år att
<b>Jakt og Viltstellutval 2021</b>			
Håkon Arne Laupsa	Leiar	Ikkje på val	1 år att
David Neteland	Medlem	Ikkje på val	1 år att
Alf Ekaas Sandven	Medlem	Attval	2 år
André Bjørke	Vara	Ny	2 år
<b>Fiskestellutval 2021</b>			
Bjørn Mo	Leiar	Ikkje på val	1 år att
Frode Melstveit	Medlem	Attval	2 år
Torbjørn Toft	Medlem	Attval	2 år
Arvid Huun	Vara	Ikkje på val	1 år att
<b>Elveutval 2021</b>			
Leiv Sandven	Leiar	Ikkje på val	1 år att
Jan Ove Laksemo	Medlem	Attval	2 år
Harald Mathias Madsen	Medlem	Ikkje på val	1 år att
Gaute Øye Melstveit	Vara	Attval	2 år
<b>Kinneutval 2021</b>			
Tone Mo	Leiar	Attval	2 år
Kari Weltzien Vik	Medlem	Ikkje på val	1 år att
Margunn Torpe	Medlem	Attval	2 år
Ingunn Kråkevik	Vara	Ikkje på val	1 år att
<b>Revisorar:</b>			
Sigurd Langeland	Revisor	Attval	1 år
Arild Sandven	Revisor	Attval	1 år
<b>Valnemd:</b>			
Sjur Tarjei Fykse	Medlem (leiar)	Går ut	
Sveinung Valland Soldal	Medlem	Ikkje på val	1 år att
Manglar ein	medlem		2 år

Merknad: For å unngå full utskifting i dei ulike greinene av jaktskyttarutvalet, føreslår valnemnda at leiaren vert vald for eitt år denne gongen. Årsmøtet treng å finna to nye til valnemnda for 2 år.

Mvh: Sveinung Valland Soldal og Sjur Tarjei Fykse